



**Kommunale byggjetilskot for 2010 er no løyvde av komite for oppvekst, kultur og idrett.**

**Uskedal ungdomslag er av dei laga som har fått tilskot - 20.000 kroner for Helgheim.**

Fagkoordinator Sissel Aarseth gjer merksam på at laget kan søkja om vidare byggjetilskot i 2011.

Søknadsfristen vert truleg 15. februar 2011

Tilskotet vart fordelt på 11 lag i kommunen og dei fleste fekk 20.000-25.000 kroner.

Grendahuset Nordpollen fekk 25.000, Hatlestrand/Ølve skyttarlag 20.000 til utandørs skytebane, Husnes indremisjon 20.000 til Husnes bedehus, Høylandsbygd bedehus 25.000 til bedehuset, Kvinnherad golfklubb 30.000 til garderobeanlegg, Kvinnherad kystlag 20.000 til naust på Valen, Kvinnherad Roklubb 25.000 til klubbhuset, Omvikdalen Skyttarlag 25.000 til sanitæranlegg på Midthølen og Ølve ungdomslag 25.000 til Kringsjå.

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedtelen.

Av Ola Matti Mathisen